

Forretningsidé til utvikling av Selje Hotell Invest AS

Selje Hotell Invest AS planlegg nytt hotell i Selje, ved Seljesanden, i nær tilknytning til nytt, kommunalt symjebasseng. Målet er å skape eit unikt destinasjonshotell som blir både ein viktig møtestad og arbeidsplass i bygda, samtidig som det også skal bli ein god grunn til å besøke Selje og området rundt. Hotellet vil med dette vere med på å gjere Selje og nærområda til ein betre stad å bu, besøke og drive næring. For å få dette til må hotellet vere godt tilrettelagt for å gi hotellgjestar minnerike, meiningsfulle og berikande opplevingar. *Dette planlegg hotellet å gjere med å formidle lokal historie, kunst og kultur, gjere det store mangfaldet av naturopplevingar og mat til lands og havs tilgjengeleg til dei besøkande og sist, men ikkje minst, må det bli ein god arbeidsplass der gjestar og ansette føler seg vel i lag.*

Hotellet vil også vere eit godt eksempel på berekraftig turisme og hotelldrift. Dette betyr at det skal vere eit utgangspunkt for kortare eller lengre opphald og effektiv drift i lang tid framover.

I dette arbeidet ynskjer vi hjelp frå elevane på Selje ungdomsskule til å finne ut av kva ungdom og andre grupper i lokalbefolkninga ynskjer at hotellet skal bidra med for Selje. Ut ifrå desse resultatata vil vi at de utarbeidar ein forretningsidé og argumentar for kvifor denne ideen kan dra nytte av dei ringverknadane eit hotell kan bidra med.

Vi ser fram til å få presentert resultatata frå undersøkinga og forretningsidèen de kjem fram til, og takkar for at Selje ungdomsskule støtter Selje Hotell Invest i dette arbeidet.

Med venleg helsing

Selje Hotell Invest